

## NYHETER · LANDBRUK

### Forskerfabrikken til Ulsteinvik

**SOMMERTILBUD.** Til sommaren får barn i 11- 12-årsalderen i Ulsteinvik høve til å vere forskarar i éi veke. Forskerfabrikken etablerer ny sommarskole i sunnmørsbygda. I første omgang er det barna til dei tilsette i Ulstein Group som får tilbodet. Verfts-

konsernet tok sjølv kontakt med Forskerfabrikken og sponsar opplegget i sommar.

– Neste år håper vi å utvide tilbodet slik at alle barn i regionen kan vere med, seier primus motor i Forskerfabrikken Hanne S. Finstad. ©NPK

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



Omsorgssektoren er styrka.

### Gode kommuneresultat i 2011

**REKNSKAP.** Kommunesektoren i Noreg voks med rundt 6.900 årsverk i fjor. Rundt 2.900 av dei kom i pleie- og omsorgssektoren, viser nye tal frå Statistisk sentralbyrå.

Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) seier at regjeringa er godt i rute til å nå årsverksmå-

let i «Omsorgsplan 2015».

– I alt har det komme til over åtte nye årsverk innan pleie- og omsorg i kommunane kvar einaste dag dei siste seks åra. Kommunane fortener tillit og ros for jobben dei gjer, seier Navarsete.

©NPK

Organisasjonar frå ulike sektorar **krev** løft både i prisar og tilskot i jordbruksoppgjeret, men møter motbør frå handel og industri.

\* JORDBRUKSOPPGJERET

# Milliardkrav frå sektorane

